



Oppgjørs Partner AS
Brygga 11
2317 HAMAR

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1135 - 19/13400

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
30.04.2019

Godkjenning av seksjonering - gbnr 141/85 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 251/19

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigdommen gbnr 141/85 i Lindås, med adressene Stølhaugane 3A, 3B, 3C og 3D.

På eigdommen er det godkjent 4-mannsbustad, med 4 likeverdige bueiningar. Kvar bueiningar går over 1 etasje.

Alt areal på eigdommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 4 seksjonane i matrikkelen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Stølhaugane 3, gbnr 141/85 i Lindås kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonkart som tydeleg viser eigdomsgrenser og plassering av 4-mannsbustad.
- Planteikningar av 4-mannsbustad i 2 etasjar der seksjonsnummera og type rom er påskrive.
- Vedtekter for sameiet Stølhaugane 3, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Eiger er Majo Eigedom AS og Søknaden er signert av styrets leder Magnus Johan Helgesen som har signaturrett. Søknaden er sendt inn av Oppgjørs Partner AS v/ Helge Tronnes

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.



Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for gbnr 141/85 i Lindås, Sameiet Stølhaugane 3, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1 – 4 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøken 1/4 kvar. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delevegg og etasjeskille mellom dei. Seksjonane 1 og 3 ligg i 1. etasje og seksjonane 2 og 4 ligg i 2. etasje.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 141/85 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7250,- + tinglygingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart og teikningar
Søknad om seksjonering - gbnr 141/85 Kvamme nedre

Kopi til:

Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
-----------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Oppgjørs Partner AS	Brygga 11	2317	HAMAR
---------------------	-----------	------	-------